



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 16.03.2016
Møtestad: Kommunehuset
Møtetid: 15:00 - 17:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordfører
Frode Langhelle	H	Medlem
Bjarte Andvik	H	Medlem
Wenke Fredheim Ekren	H	Medlem
Lene Hansen Kvamsdal	H	Medlem
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordfører
Ragnvald Tangedal	AP	Medlem
Arthur Reidar Sjursen	AP	Medlem
Bjørn Egil Nordland	AP	Medlem
Jon Hope	Krf	Medlem
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem
Wenche Dåe	Sp	Medlem
Egil Kvingedal	V	Medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
John Torsvik	H	Medlem
Atle Nordland	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Kurt Henning Oppedal	H	Atle Nordland
Astrid Daae Kristiansen	H	John Torsvik

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka,

Sakliste

Saknr	Tittel
013/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
014/2016	Godkjenning av møtebok
015/2016	Intensjonsavtale for ny kommune - Nordhordland kommune
016/2016	Kommunereform - høyring av framforhandla intensjonsavtale med Gulen
017/2016	Referatsak
018/2016	Val av nytt medlem til representant til Kyrkjeleg Fellesråd for valbolken 2015 - 2019

013/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjend

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Innspel frå Egil Kvingedal (V):

Venstre registrerer at sak 033/2016 »132 kV kraftleidning Dalsbotn fjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, høyring av tilleggssøknad.» var på saklista til formannskapet i dag 16.03.16. Dette er ei sak som kommunestyret har hatt til behandling seinast 10.09.15Me stiller oss derfor undrande til at sak ikkje vert følgt opp i kommunestyret. Vil derfor be om at saker som kommunestyret har starta behandling på, skal avsluttast i kommunestyret. Dette for å ha ein god praksis på prosesser.

Ei ny sak vert lagt fram i møtet: Val av kommunen sin representant og vararepresentant til Kyrkjeleg Fellesråd.

Astrid Daae Kristiansen og Geir Egil Haugsvær vart valt til å skrive under møteboka.

Framlegg til vedtak med ekstra sak vart samrøystes vedteke.

KS - 013/2016 VEDTAK:

Innkalling og sakliste vert godkjend

014/2016: Godkjenning av møtebok

Rådmannen sitt framlegg:

Møtebok vert godkjend.

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører orienterte om at det i kommunestyret 24.02.16 vart vedteke at

formannskapssak 013/2016 Søknad om dispensasjon frå gjeldande kommuneplan i sjø – utviding av AK6 til oppdrett tareproduksjon

skulle leggest fram for kommunestyret til avgjerd Tiltakshavar har no trekt denne saka, og saka kjem difor ikkje opp til handsaming i neste ordinære kommunestyre.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

KS - 014/2016 VEDTAK:

Møtebok vert godkjend.

015/2016: Intensjonsavtale for ny kommune - Nordhordland kommune

Rådmannen sitt framlegg:

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**
- **Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

16.03.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte og saka vart drøfta.

Formannskapet ønska at begge avtalane vart trykt opp og delt ut til alle hustandane i kommunen før folkemøta.

Formannskapet ønska og å vere med på tilbodet om å utabeide ein brosjyre for ein eventuell storkommune.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FS - 030/2016 VEDTAK:

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**
- **Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Ordførar orienterte kort og saka vart drøfta

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KS - 015/2016 VEDTAK:

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**
 - **Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**
-

016/2016: Kommunereform - høyring av framforhandla intensjonsavtale med Gulen

Rådmannen sitt framlegg:

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.
- Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.

16.03.2016 FORMANNSKAPET

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande endring i siste del av pkt 6:

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg ~~skal~~ kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune ~~skal~~ kan ein legge tenester knytt til m.a. helse/barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.

- der tekst merka gult skal leggest til og tekst merka raudt skal strykast.

Røysting:

Framlegg til vedtak med endringane gjort greie for over vart samrøystes vedteke.

FS - 031/2016 VEDTAK:

- **Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring med desse endringane:**
 - Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggest til Masfjorden.
 - Til dagens Gulen kommune kan ein legge tenester knytt til m.a. barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.
- med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.
- **Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Ordfører orienterte kort og saka vart drøfta.

Janne-Judith Kvamsdal Sandnes (FrP) ba om at følgjande vart protokollert:

- Masfjorden FrP heldt fast på at eigedomsskatt på hus og hytter må fjernast heilt.
- Masfjorden FrP vil vidareføre helsetenestene og legetenesta som i dag (Hosteland)

Frode Langhelle (H) sette fram følgjande framlegg til vedtak:

Kommunestyre ber ordfører / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert underteikna og lagt ut på høyring.

Røysting:

Framlegg til vedtak frå Høgre vart samrøystes vedteke.

KS - 016/2016 VEDTAK:

Kommunestyre ber ordfører / forhandlingsutvalet om å ta kontakt med Gulen kommune for å endre teksten i avtalen som vedteke i Masfjorden formannskap og diskutert i Masfjorden kommunestyre før avtalen vert underteikna og lagt ut på høyring.

017/2016: Referatsak

Rådmannen sitt framlegg:

Referatsaker vert tekne til orientering

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Det vart ikkje lagt fram referatsaker i dette møtet.

KS - 017/2016 VEDTAK:

018/2016: Val av nytt medlem til representant til Kyrkjeleg Fellesråd for valbolken 2015 - 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Kommunen sin nye representant i Kyrkjeleg Fellesråd for valbolken 2015 -2019 er:

medlem	parti	varamedlem	parti
---------------	--------------	-------------------	--------------

16.03.2016 KOMMUNESTYRET

Saka vart lagt fram i møtet.

Leiar i valnemnda Janne-Judith Kvamsdal Sandnes sette fram forslag om at Wenke Fredheim Ekren (H) vart valt som nytt medlem i Kyrkjeleg Fellesråd med Geir Egil Haugsvær (Sp) som vara.

Framlegg til vedtak frå valnemnda vart samrøystes vedteke.

KS - 018/2016 VEDTAK:

Nytt medlem i Kyrkjeleg fellelråd vert Wenke Fredheim Ekren (H) med Geir Egil Haugsvær (Sp) som vara.

Rett utskrift av møteprotokoll frå kommunestyret 16.03.16 vert vitna:

Karstein Totland
ordførar

Astrid Daae Kristiansen
kommunestyremedlem

Geir Egil Haugsvær
kommunestyremedlem